

## Referat frå møte i FAU Lye skule 16.1.2012

Tilstades:

Jone Siqveland

1. trinn: Sean Martin

4. trinn: Magnhild Sørлие

5. trinn: Svein Kåre Harestad

6. trinn: Trond Aanestad

7. trinn: Cato Eigestad

Forfall:

2. trinn: Rita Våland

3. trinn: Kai Morten Egeland

### **Sak 23 11/12: Referat**

OK. Ingen kommentar.

### **Sak 24 11/12: Overgang Vestly-elevane – info/drøfting**

Det er no vedteke i kommunestyret at Vestly skule skal leggast ned frå påske 2012. FAU ønsker elevar og foreldre frå Vestly velkommen til Lye skule. Skulen er no igang med planlegging, samkjøring og møter med hensyn til overgang, for at denne endringa skal gå så godt og hensynsfullt som mulig for elevar med føresette. Rektor har hatt foreldremøte med alle foreldre frå Vestly skule. FAU ved Vestly skule ønsker møte med FAU ved Lye skule. FAU Lye er svært positive til henvendelsen og ønsker og dette.

Det vart i kommunestyret bestemt at 2,8 stillingar skal overførast til Lye skule frå hausten 2012. I ein overgangsperiode på 3 veker etter påske, vil alle lærarressursane frå Vestly vera med over til Lye. Frå veke 4 etter overflytting vil det vera ei fordeling av lærarressursane mellom Lye og Vestly for rydding og avslutting av skulen.

### **Sak 25 11/12: Flytte SFO / 1. trinn inn i hovedbygg**

Det vart vedteke i kommunestyret at paviljongen skal omdisponerast til barnehage frå hausten 2012. Forslag frå skulen til ny fordeling av rom frå hausten 2012 vil vera; 1. og 2. trinn på rød gang, 3. trinn og SFO på grøn gang, 4. og 5. trinn på blå gang, 6. og 7. trinn på gul gang og spesialrom på lyseblå gang. SFO sine lokaler på grøn gang vil få nytt kjøkken og lokala på gangen og to klasserom skal oppgraderast. I tillegg ønsker ein at ariet skal oppgraderast og vera uteareal for SFO i tillegg til dei andre uteareala til skulen.

### **Sak 26 11/12: Bilete på internett – drøfting vidare frå sist møte**

Rektor tok opp saka for kollegiet etter sist møte. FAU ønsker og forventer streng praksis i forhold til bruk av bilete på internett. Ingen portrettbilete, men fokusere på aktivitet. Forslag til å bruke meir bilete av turar osv på foreldremøter og foreldrekveldar.

### **Sak 27 11/12: Eventuelt**

Forberede og starte planlegging av 17. mai 2012. Det blir sak på neste FAU-møte. Rektor tek med klasselister for 6. og 7. trinn. Magnhild spør tidlegare leiar i FAU, Oddny H. Solbakk om tidlegare brev og dokument finst tilgjengelig elektronisk.

Neste FAU-møte vert 6. februar 2012 kl 20.00.

Magnhild Sørлие  
referent